



Notat

Dato: 06.11.2019
Arkivsak: 2015/11453-219
Saksbehandlar: adelan

Til: Styret for Fagskolen i Hordaland

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Medlemskap i Utdanning i Bergen

Fagskolen har søkt om medlemskap i Utdanning i Bergen og har fått godkjent medlemskap frå og med 01.11.2019 (sjå vedlegg).

Utdanning i Bergen er ein nettverksorganisasjon som skal styrke samhandling mellom utdanningsinstitusjonane, samfunnet og arbeidslivet i Bergen og Bergen omland. Utdanning i Bergen har ei rekke aktivitetar saman med utdanningsinstitusjonane i løpet av året for å nå visjonen om at Bergen skal vere den beste storbyen å studere i.

Utdanning i Bergen er leia av eit styre beståande av representantar frå medlemsinstitusjonane, og Fagskolen i Hordaland skal også melde inn ein representant til styret. Følgjande utdanningsinstitusjonar og organisasjonar er medlem i Utdanning i Bergen:

- Universitetet i Bergen
- Høgskulen på Vestlandet
- Norges Handelshøyskole
- Handelshøyskolen BI
- NLA Høgskolen
- VID vitenskapelige høyskole
- Høyskolen Kristiania
- Studentsamskipnaden på Vestlandet
- Bergen kommune
- Hordaland fylkeskommune
- Bergen næringsråd

Gjennom medlemskapet vil Fagskolen i Hordaland mellom anna få delta på, og vere ein bidragsyter i, arrangement retta mot elevar, studentar, rådgjevarar og andre. Til døme skal det arrangerast open dag ved alle utdanningsinstitusjonane i februar 2020, og arrangementet skal gi aktuelle søkjarar informasjon om utdanningane. 18.11.2019 vert det også arrangert eit strategiseminar om studie- og kompetansebyen Bergen for at medlemsinstitusjonane skal utarbeide ein felles strategi om posisjonering som skal rette seg mot merkevarerbygging av Bergen som ein by med berekraftige utdanningstilbod. Studentane ved Fagskolen i Hordaland vil også gjennom medlemskapet få tilgang til ei rekke sosiale studentarrangement.

Medlemskap i Utdanning i Bergen vil bidra til å styrke kjennskapen til fagskulen som ein høgare yrkesfagleg utdanningsinstitusjon, og fagskulen vil dra fordel av felles marknadsføring av Bergen som studentby.

Vedlegg:

Svar på søknad om medlemskap